

Bestilling Innovasjon Norge Sogn og Fjordane

[::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓](#)

Fylkesdirektøren rår Hovudutval for plan og næring til å gjere slikt vedtak:

Føringar for bruken av midlar løyvd til Innovasjon Norge Sogn og Fjordane for 2006 og fram til 2008 blir gjort slik det går fram av saksutgreiinga - "Bestilling Innovasjon Norge Sogn og Fjordane" av januar 2006.

[::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑](#)

[... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓](#)

Saksframstilling

1. Samandrag

I Budsjetreglementet for 2006 blir Hovudutval for plan og næring gitt fullmakt til å vedta bestillardokumentet til Innovasjon Norge innanfor dei rammer og føringar som ligg i budsjettet.

Forutan nasjonale føringar for bruken av regionale utviklingsmidlar, er det i tekstdelen i Fylkestinget sitt budsjett for 2006 og i fylkesplanen sin handlingsplan (og oppfølginga av denne), gitt føringar for ei konkretisering av ei bestilling til Innovasjon Norge.

Inklusive egne driftsmidlar har Fylkestinget løyvd 41,90 mill kroner til Innovasjon Norge Sogn og Fjordane for 2006.

Fylkesdirektøren gjer framlegg om at bestillinga skal gjelde for resten av fylkesplanperioden 2006-08 med høve til årlege justeringar.

Fylkesdirektøren gjer vidare framlegg om at konkretiseringa av bestillinga blir slik det går fram av saksutgreiinga.

2. Bakgrunn

Tidlegare blei Innovasjon Norge (IN) sin aktivitet i fylka finansiert gjennom sentrale løyvingar. Frå 2003 (ansvarsreforma) har IN fått ei todelt finansiering. I tillegg til sentrale løyvingar blir aktiviteten finansiert gjennom dei regionale utviklingsmidlane som blir tildelt fylkeskommunane frå staten (kap. 551.60 i statsbudsjettet). Dette for å gi rom for regional tilpassing og prioritering i bruken av bedriftsretta verkemiddel.

Fylkeskommunen har fått hovudansvaret for det regionale utviklingsarbeidet. Når det gjeld dei bedriftsretta verkemidla, har fylkeskommunen ei strategisk rolle. Dette skjer ved at fylkesplanen sine mål og strategiar skal leggast til grunn for Innovasjon Norge sin støttepolitikk. Innovasjon Norge har eit eintydig operativt ansvar for dei bedriftsretta verkemidlane, og vil elles kunne gå inn i partnerskap med fylkeskommunen om andre tilretteleggande oppgåver. Fylkeskommunen på si side forvaltar dei tilretteleggande verkemidla i ein partnerskap med dei andre hovudaktørane i fylket.

Det bør også presiserast at skiljet mellom det bedriftsretta og tilretteleggande ikkje er eintydig. Såleis vil det vere ei monaleg gråson i arbeidsområdet mellom fylkeskommunen og Innovasjon Norge. Det blir difor no etablert ein kontinuerleg dialog mellom dei to hovudaktørane for å sikre ei tenleg arbeidsdeling og for å skape ei felles forståing av kva som er dei rette tiltaka å samarbeide om.

Midlar som fylkeskommunen nyttar til tilrettelegging for næringsutvikling kjem i dag i hovudsak frå dei statlege regionale utviklingsmidlane; kap. 551.60.

Sogn og Fjordane har lang tradisjon for gjennom fylkesplanen sine handlingsprogram å stimulere til samfunnsutvikling på brei basis. Såleis har den næringsretta satsinga vorte supplert med satsing innanfor miljø, livskvalitet/folkehelse, ungdom, kultur og infrastruktur. Denne breie tilnærminga er vidareført i den nye fylkesplanen, men med eit auka fokus på verdiskapinga.

Denne breie satsinga har vorte finansiert gjennom:

- Regionale utviklingsmidlar frå Kommunal- og regionaldepartementet (kap. 551.60)
- Avkastning frå eige fylkesplanfond
- Eige driftsbudsjett (frie midlar)

Fordelinga av midlar til tilrettelegging for næringsutvikling/andre satsingsområde og bedriftsretta tiltak blei for første gong samordna i budsjettprosessen for 2006.

Vidare har verkemiddelpolitikken vorte drøfta i Hovudutval for plan og næring 28.10.05. Fylkesdirektøren viser i så måte til notatet "Virkemiddelpolitikk – notat til HPN 28.oktober."

Slik sett har vi fått eit meir heilskapeleg grep i høve verkemiddelbruken og sett bruken av verkemiddel til tilrettelegging og bedriftsretta tiltak i ein samanheng.

I tillegg har vi dei sokalla kompensasjonsmidlane (kompensasjon for bortfall av differensiert arbeidsgjevaravgift). Desse midlane blir disponerte av eit eige styre etter gitte retningslinjer. I Sogn og Fjordane har næringslivet ei leiande rolle i dette arbeidet. Utfordringa har vore å få koordinert bruken av desse midlane med verkemiddelpolitikken elles, noko som det blir arbeidd med å få til.

3. Løyving Innovasjon Norge 2006

Fylkestinget vedtok i sak 43/05 ei løyving på 41,9 mill kroner til Innovasjon Norge. Av dette er 8 mill henta frå eige driftsbudsjett, medan 33,9 mill kr. kjem frå dei statlege regionale utviklingsmidlane (kap. 551.60).

4. Statlege føringar for løyvingar over 551.60

I St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 1(2005-2006) legg den nye regjeringa opp til å auke verdiskapinga utifrå regionale fortrinn, samt å styrke det lokale og regionale utviklingsarbeidet.

Om direkte bedriftsretta tiltak gjennom Innovasjon Noreg og midlar til regional utvikling heiter det, sitat:

"Regjeringen er opptatt av å legge til rette for næringsutvikling og nyskaping. Regjeringen ser det derfor som viktig å øke støtten til næringsutvikling gjennom Innovasjon Norge, herunder investeringstilskudd og etablererstipend. Både bevilgningene til investeringstilskudd, bedriftsutviklingstilskudd og etablererstipend har gått kraftig ned de siste årene, og det er stor etterspørsel etter ordningene. Regjeringen ønsker særlig å prioritere tiltak som kommer kvinner og ungdom til gode"

Sitat slutt.

Det årlege tilsegnsbrevet frå Kommunal- og regionaldepartementet som gir nasjonale føringar for bruken av løyvingar over 551.60 har vi pr. dato ikkje motteke.

5. Fylkeskommunale føringar for bruken av midlar

Forutan dei nasjonale føringane er våre eigne føringar gitt i vedteken fylkesplan.

Det overordna målet er å oppretthalde folketal og busetnadsmønster der vi i verdiskapinga legg vekt på å ta heile fylket i bruk ved å nytte kultur- og naturgrunnlaget på ein aktiv og berekraftig måte.

Grunnlaget for dette er:

- god infrastruktur,
- ei utvikling i berekraftig retning,
- vekt på kultur og identitet og
- kompetanse.

I høve verdiskapinga når vi målet ved å satse på:

- industrien,
- småskala verksemd og lokalsamfunn,
- havbruk og fiske og
- nye næringer/tenester.

Handlingsplanen for den næringsretta satsinga er no etablert gjennom arbeidet i "Frå plan til handling".

Handlingsplanen gjev ei tydeleg innretning både mot bedriftsretta og tilretteleggjande verkemiddel. Det vil vere naturleg at det vert utferda bestillingar i høve disponeringa av desse verkemidla som bygger på partnerskapen sine prioriteringar gjennom handlingsplanen for dei fire aktuelle næringssetjingane.

Budsjettet legg også opp til ei sterk satsing på kommunale næringsfond. Mange kommunar har bygd ned sitt apparat i høve næringsutvikling. Innovasjon Norge og fylkeskommunen må ta eit felles ansvar for å hjelpe og rettleie kommunane i disponeringa av dei kommunale næringsfonda.

Entreprenørskap

To arbeidsgrupper framhevar entreprenørskap som viktig arbeidsfelt; både som strategi for å auke fylket sin del av dei nye tenesteytande næringane og for å få til nyskaping innan småskala ressursbaserte bygdenæringar. Som eit samarbeidstiltak er det føresett eit program med eige styre som skal arbeide innan dette feltet og nyskaping. Innovasjon Norge har fått i oppdrag å leie dette programmet og vil elles ha ei aktiv rolle i gjennomføringa.

Entreprenørskapssetjinga i Sogn og Fjordane er godt koordinert. Arbeidet er såleis godt i gang og bør framleis vere høgt prioritert.

Industri

Store deler av det ordinære tilskotet til Innovasjon Norge går inn mot oppfølging av handlingsplanen innan området industri. Den formulerer ei rekke initiativ i høve bedriftsretta verkemiddel:

- betre tilgang på offentlege støtteordningar ved industrietableringar basert på lokale mineralressursar,
- kopling mellom mineralressursar og naturgass ved utvikling av prosessindustri,
- utvikle bedriftsnettverk,
- stimulere leiarutvikling,
- stimulere satsing på design,
- internasjonalisering i små og mellomstore bedrifter (SMB) og
- bedriftsretta prosjekt frå omstillingskommunane skal prioriterast i IN sin verkemiddelbruk.

Det er sett av 4 mill kr i budsjettet til mineralressursar/ ilandføring, strategisk leiing, nettverk, designsatsing i Sogn og Fjordane og til Expo Sogn og Fjordane. Dette er midlar som delvis vil bli stilt til disposisjon for Innovasjon Norge i tillegg til dei ordinære bedriftsretta verkemidla.

Småskala næringar og lokal samfunn. Bruk og vern

Handlingsplanen formulerer verkemiddelpolitikk i høve initiativ frå bedrifter. Dette gjev føringar for prioritering av søknader innan småskala næringsutvikling som bidreg til:

- kompetanseutvikling,
- marknadsorientering og produktutvikling,
- nyskaping,
- etablering og utvikling av naturbruksbedrifter,
- nisjeproduksjon av mat og
- forpliktande forretningssamarbeid.

Fylkeskommunen ønskjer å fremje lokale mobiliseringsprosjekt, idèdugnader, ungt entreprenørskap og liknande. Vidare ønskjer vi å satse på forpliktande forretningssamarbeid der ein må spreie kunnskap og informasjon og utveksle erfaring om ulike modellar. Det er viktig å støtte oppbygging av nettverk og forum som fremjar utvikling og ein må satse på etablering og utvikling av naturbruksbedrifter.

Havbruk og fiske

Handlingsplanen har formulert slik verkemiddelpolitikk i høve initiativ frå bedrifter:

- bidra til styrking av det lokale eigarskapet,
- gje finansiell støtte til prosjekt der det vert skapt synergi i samspel mellom
 - fiskeri/havbruk og turisme
 - fiskeri/havbruk og kultur (mat, historie etc.),
- omstilling innan den eksisterande fiskeindustrien vil vere viktig i tida som kjem. Nye produkt og framstillingsmetodar er viktige satsingsområde for å kunne vere konkurransedyktige i forhold til bearbeiding i lågkostland,
- utvikling av bransjenettverk innan fiskeri og akvakultur til å omfatte flest moglege interesserte verksemder i Sogn og Fjordane,
- støtte til nye marine artar i Sogn og Fjordane og
- stimulere til kvotekjøp t.d. gjennom finansielle støtteordningar til ungdom.

Tenesteyting og nye næringar

Handlingsplanen gjev slike føringar i høve bedriftsretta verkemiddel:

- halde oppe nivået på etablerarstøtte,
- fellestiltak retta mot etablerarar,
- etablerarar av små verksemder må lære seg å tenkje internasjonalt,
- auka kapitaltilgang for bedrifter - kapitalbasen for bedriftsretta støtte bør styrkast,
- gründer-coach for nyetablerte,
- stimulere til kommersiell utnytting av IT-miljøet i Sogn og Fjordane,
- prioritere etablering av tenestebedrifter eller "spin-off" frå verksemder som har ein marknad utanfor fylket,
- stimulere etablering av turoperatørar som kjøper produkt, set saman pakkar og sel produktet,
- kulturopplevingsverksemder inn under portefølje som kan få støtte,
- støtte til å etablere produksjon og tenesteyting bygd på kunstnarleg arbeid, kulturarv og ny teknologi,
- satsing på aktivitetsturisme og
- stimulere til kulturentreprenørskap.

6. Felles RUP

Det er etablert eit felles regionalt utviklingsprogram (RUP) som eitt av fleire tiltak i høve oppfølginga av fylkesplanen sin handlingsplan. Dei næringsretta programma i den felles RUP'en er:

- opplevingsnæringar,
- fiskeri og havbruk og
- entreprenørskap og nyskaping.

Det er førebels ikkje utarbeidd planar for dette arbeidet (jf. FU-sak nr. 122/05), men fylkesdirektøren føreset at Innovasjon Noreg følgjer opp initiativa og tiltaka frå desse programma i høve si innretting av dei bedriftsretta verkemidla.

7. Krav til oppfølging av gitte føringar

Fylkesdirektøren ønskjer ikkje å detaljstyre bruken av dei bedriftsretta verkemidla som blir stilt til disposisjon for Innovasjon Norge. Det vil heller ikkje vere mogleg å følgje opp på alle område i løpet av eitt år. Men fylkesdirektøren understrekar at det bør vere ein samanheng mellom tilretteleggjande arbeid som fylkeskommunen og partnerskapen til eikvar tid prioriterer og dei prioriteringar som blir gjort i høve bruken av bedriftsretta verkemiddel.

Elles vil ein gjennom den årlege rapporteringa kunne sjå til at det er samsvar mellom gitte føringar/prioriteringar og den reelle bruken av bedriftsretta verkemiddel.

8. Krav til lønssemnd

Innovasjon Noreg har i sitt system strenge krav til lønssemnd for sine støtteordningar, noko som fylkesdirektøren ser som eit viktig kvalitetskrav. Vidare bør Innovasjon Norge leggje vekt på søkjarane sin kompetanse og evne til å drive kommersiell verksemnd. Dette sjølv om ei slik vurdering i nokre tilfelle kan føre til at søknader som er i tråd med satsingsområda i fylket blir avslegne.

Krav til lønssemnd kan likevel opplevast som eit problem i høve målsetjinga om å oppretthalde busetnadsmønsteret i fylket. I utkantane kan slike strenge krav stengje for nyetablering og oppretthalding av eksisterande verksemnder. Fylkesdirektøren ønskjer å ta med seg denne problemstillinga i sin styringsdialog med Innovasjon Noreg.

9. Årleg bestilling?

Etter at ordninga regionale løyvingar til Innovasjon Norge blei sett i verk, har fylkeskommunen hatt til politisk behandling ei årleg bestilling til Innovasjon Norge. Det nye planverket er forholdsvis konkret i sine føringar for bedriftsretta verkemiddel. Fylkesdirektøren gjer difor framlegg om at denne bestillinga blir utferdad for resten av fylkesplanperioden 2006 til 2008.

Det er krav om å utarbeide årlege tilsegnsbrev og eventuelle justeringar undervegs kan innarbeidast i denne. For å sikre den politiske styringa, kan den årlege rapporteringa som Innovasjon Noreg skal gi pr. 15.08. leggjast fram for politisk behandling. Denne behandlinga bør koplata til den årlege budsjettbehandlinga.

10. Oppsummering

Grunnlaget for føringane gitt i saka vil vere gitt i:

- Nasjonale føringar for bruken av regionale utviklingsmidlar gitt i Kommunal- og regionaldepartementet sitt tilsegnsbrev for 2006 og seinare.

- Tekstlege føringar gitt i fylkeskommunen sine årlege budsjett og fylkesplanen sin handlingsplan.

I tråd med etablert praksis blir det lagt til grunn at det i forvaltninga av bedriftsstøtte blir skilt klart mellom strategisk og operativt ansvar. Fylkeskommunen har det strategiske ansvaret som blir ivareteke gjennom den regionale partnerskapen og fylkesplanen eller fylkesdelplanar med mål, strategiar og handlingsplanar. Det operative ansvaret for direkte bedriftsstøtte skal liggje hjå Innovasjon Norge og bruken av deira verkemiddel skal elles vere i samsvar med føringar gitt i fylkesplanen og tilhøyrande handlingsplanar.

Kommunal- og regionaldepartementet sine retningsliner for bruken av midlar over kap. 551. 60 blir lagt til grunn for fylkeskommunen og Innovasjon Norge si forvaltning av verkemidla.

Midlane skal nyttast til investeringstilskot, bedriftsutviklingstilskot, etablerarstipend, tapsfond for risikolån og omstilling.

Fylkeskommunen har det overordna ansvaret for omstilling og avgjer kva område som skal få omstillingsbistand. Innovasjon Norge får ei rolle som beskrive i eigen avtale.

Innovasjon Norge sine verkemiddel skal bidra til ei bedrifts- og samfunnsøkonomisk lønsam næringsutvikling. Bruk av tilskot skal bidra til å realisere prosjekt som ikkje ville bli gjennomførde utan offentleg støtte.

Administrative retningsliner

Løyvinga blir gitt som tilskot utan avrekning/tilbakebetaling. Det vil seia at unytta midlar kan omdisponerast til andre tiltak innanfor same formål. *Ikkje løyvde midlar ved årsskiftet vil derimot bli avrekna mot ramma for neste år, som såleis blir avkorta.*

Innovasjon Norge skal føre oversikter der det til eikvar tid går fram kva som er omfanget av tilsegner, tapsfondsavsetjingar og utbetalingar under ordninga.

Innovasjon Norge skal rapportere til fylkeskommunen i tråd med eige rapporteringssystem. Det skal rapporterast kvart halvår.

Desse rapportane skal årleg liggje føre pr. 15.02. (årsrapport) og 15.08. Fylkeskommunen laga i 2005 eit opplegg for rapportering som vi hovudsak ønskjer å vidareføre.

Innovasjon Norge skal stå for utbetaling av midlar dei får tildelt av fylkeskommunen. Fylkeskommunen overfører kvart kvartal etterskotsvis à konto midlar til Innovasjon Norge, med like deler av samla tilsegnsramme frå fylkeskommunen.

11. Tilråding

Føringar for bruken av midlar løyvd til Innovasjon Norge Sogn og Fjordane for 2006 og fram til 2008 blir gjort slik går fram av saksutgreiinga – "Bestilling Innovasjon Norge Sogn og Fjordane".

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)